



**Vågå**  
**kommune**  
**Landbrukskontoret for Sel og**  
**Vågå**

Det kongelige landbruks- og matdepartement  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Vår ref.  
2010/151/15/

Dykkar ref:

Saksbehandlar  
Per-Ivar Weydahl  
61293671

Dato  
17.10.2014

**Høyring av forskrift om produksjonstilskott og avløysartilskott i jordbruket. Fråsegn frå Vågå kommune**

Hovudutval for teknisk landbruk og naturforvaltning fatta følgjande fråsegn knyta til høyring av forskrift om produksjonstilskott og avløysartilskott i landbruket:

- *Vågå kommune syner til dei vurderingane som er gjort i saksframlegget og ber departementet spesielt om å innarbeide ordninga med at avløysartilskott kan utbetalast direkte til avløysarlag.*
- *Vågå kommune ber om at trekk for for seint innlevert søknad av produksjonstilskott blir redusert til kr. 100 pr dag i inntil ein måned.*
- *Vågå kommune ber departementet sjå på utforminga av § 4 tredje ledd nr. 2*

Vi ber likevel departementet lese heile saksutgreiinga.

Med helsing

Per-Ivar Weydahl  
Landbrukssjef





## Vågå kommune

Arkivsak: 2010/151 -14

Arkiv:

Saksbehandlar:

Per-Ivar Weydahl

Utv.saknr	Utval	Møtedato
49/14	Høvdutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning	10.10.2014

### Høyring av forskrift om produksjonstilskott og avløysartilskott i jordbruket

#### Saksframlegg:

Landbruks- og matdepartementet har sendt forskrift om produksjonstilskott og avløysartilskott i jordbruket på høyring. Høyringsfristen er 20 oktober.

Dagens produksjonstilskottforskrift har vore gjeldande i 12 år. Endringar vart varsla i samband med jordbruksoppjøret i Prop. 106 S (jordbruksavtala). Regjeringas mål er å styrke landbruket gjennom forenkling av regelverk og verkemidlar over jordbruksavtalen. Dei viktigaste områda som vart lagt fram for Stortinget i samband med Pror. 106 S var:

- *Avvikling av særbestemmelsene for samdrifter.*
- *Opphevingen av formelle felles eierinteresser som selvstendig grunnlag for å kunne avskjære tilskudd.*
- *Oppheving av kravet om at foretaket må være merverdiavgiftsregistrert eller ha hatt en avgiftspliktig omsetning på minimum 20 000 kroner året før søknadstidspunktet.*
- *Endrede produksjonskrav for foretak med amme- eller melkekyr.*
- *Endring av vilkårene for tilskudd til avløsning ved ferie og fritid.*

Avviklinga av særreglar for samdrifter er spesielt viktig. I tillegg er det fokus på den såkalla driftsfellesskapsbetemmesen. Forslaget går og inn for å inkorporere regelverket for tilskott til avløsning ved ferie og fritid i produksjonstilskottsregelverket.

For Vågå er det tale om relativt sett store summar som blir utbetalt gjennom ordninga produksjonstilskott

	2014	2013	2012
Utbetalt Vågå, kr	42 932 000	42 065 000	41 446 000
Tal søkjarar, Vågå	192	200	203
Snitt pr. søkjar	223 000	210 000	204 000
Utbetalt Norge	7 917 000 000	7 820 000 000	7 752 000 000
Tal søkjarar, Norge	41 795	42 845	43 693
Snitt pr. søkjar	189 000	182 000	177 000

Det er i dag tre grunnvilkår som må være oppfylt for å kunne motta dei ulike tilskotta som er omfatta av forskrifta:

- vere eit registrert føretak i Enhetsregisteret
- drive vanleg jordbruksproduksjon
- drive på ein eller fleire landbrukseigedommar

Omsetningskravet på kr. 20 000,- dei siste 12 månader før registreringsdato blei oppheva i jordbruksoppgjeret for 2014, med verknad frå 1. juli. I staden vart botnfrådraget auka frå 3000 kr til 6000 kr per føretak per år. Departementet foreslår å vidareføre kravet om at føretaket må vere registrert i Enhetsregisteret samt kravet til vanleg jordbruksproduksjon (kap 2.2.1), men kravet om tilknytning til landbrukseigedom er foreslått oppheva.

Kravet til vanleg jordbruksproduksjon vil vere ein sikkerheitsmekanisme for å avskjere tilskott til «unormale» produksjonar som av ulike årsaker ikkje vert ramma av dei øvrige vilkåra.

Departementet foreslår å oppheve kravet om tilknytning til landbrukseigedom. Dette kravet har i realiteten i liten grad blitt nytta da ein heller har tatt utgangspunkt i om produksjonen blir vurdert til å vere vanleg.

I høyringsutkastet er det eit sterkt fokus på driftsfellesskap. Mange tilskottsordningar har strukturprofil slik at det er fordelaktig å opptre som «liten på søknadsskjemaet, mens ein er stor i røynda». I gjeldande forskrift er det nedfelt ein rein avskjeringsregel mot å gje tilskott til føretak som har **felles formelle eigarinteresser** og søker tilskott til same produksjon. Det går vidare fram at tilskott ikkje kan gjevast til føretak som etter ei skjønsmessig vurdering samarbeidar i en slik grad at dei må vurderast å ha felles økonomiske interesser i same produksjon («driftsfellesskapsbestmelsen»).

Når det gjeld «same» produksjon, seier § 4 i produksjonsforskrifta: all husdyrproduksjon uavhengig av dyreslag skal sjåast samla. Unntak er for deltakar i samdrift der deltakaren kan gjevast eit eige husdyrtilskott for andre dyreslag enn dei samdrifta disponerer, jf. § 4a andre ledd bokstav a. På visse vilkår kan det også gjevast tilskott til spesialisert kjøttfeproduksjon på eigen gard. Det er likevel eit krav om at det ikkje ligg føre «felles økonomiske interesser» mellom samdriftsdeltakaranes kjøttproduksjon og samdriftas mjølkeproduksjon.

Departementet er av den oppfatning at å avskjere separate produksjonstilskott på bakgrunn av kriteriet «**felles eierinteresser**» ikkje alltid er like treffsikkert når det gjeld å oppnå intensjonen, dvs. å forhindre at nokon hentar ut tilskott ein ikkje har krav på.

Det er ikkje noko forbod mot å vere med i samdrift og samstundes ta imot husdyrtilskott på annan husdyrproduksjon (også spesialisert kjøttfeproduksjon) i eget fjøs så lenge det ikkje ligg føre driftsfellesskap. Døme her kan vere passive eigarskap i samdrifter. Regelen om at ein ikkje kan ta imot produksjonstilskott når ein har felles eigarskap har etter departementets syn blitt gjort etter ei heilskapleg vurdering av om det ligg føre driftsfellesskap.

Høyringsdokumentet tek for seg ulike former for driftsfellesskap og ulike vurderingar som må ligge til grunn for å innvilge tilskott eller avslå tilskottssøknaden. Høyringsutkastet er ei god presisering for kva slags vurderingar som bør liggje til grunn når ein gjer vurderingar av søknadar som ein er usikker på tilfredsstillar krava i forskrifta.

### **Tilskott til husdyrhald**

Kven skal ha dyretilskott? Det er krav om at det er føretaket som må disponere dei dyra det søkjast tilskott om, dvs. ha det daglege ansvaret for husdyra, inkl. forproduksjon og foring og stell av dyra. I tillegg skal føretaket ha det formelle ansvaret for dyrehaldet (eige eller leige), og salet av husdyrprodukt. Inntektene av salet må også gå til det føretaket som søkjer produksjonstilskott.

Definisjonen av mjølke- og ammeku vart endra frå 1. juli 2014 og det er no eit krav om at kyrne må ha kalva i løpet av dei siste 15 mnd. for å kunne definerast som mjølke- eller ammeku. Dette vil sikre krav til «drift» i ammekuproduksjonen.

Når det gjeld beitetilskott til dyr på innmark og dyr på utmark blir dette flytta frå jordbruksavtala og over i forskrifta.

Kva for storferasar som er bevaringsverdige, blir «flytta» inn i jordbruksavtalen i staden for i Kuregisteret ved Norsk Genressurscenter. Sjølve bestemminga om tilskott ligg i forskrifta. Etter rådmannen si vurdering ville det ha vore meir føreseieleg om det hadde ligg i forskrifta.

### **Tilskott til jordbruksareal**

Krav til «drift og beiting av jordbruksareal» må sjåast i samheng med kravet om å drive «vanleg jordbruksproduksjon» etter forskriftas § 3. Areal som drivast ekstensivt vil ut frå forskrifta ikkje gje grunnlag for tilskott.

Det er føretaket som søkjer tilskott som må disponere arealet. Det inneberer at føretaket sjølv må utføre eller administrere oppgåver som jordarbeiding, gjødsling, plantevern, gjerding, hausting/beiting og annan skjøtsel av arealet samt sal av planteprodukt. Det er den som *driv* arealet som skal ha tilskottet.

Når det gjeld beiting må den skje med dyr som føretaket sjølv disponerer. Det er to unntak pr. d.d., samdriftsdyr og hestar som er i pensjon enten heile året eller i beitesesongen.

Departementet legg opp til at disponeringskravet også skal gjelde for samdriftsdeltakarane. Det betyr at det berre er dei dyra samdrifta disponerer som inngår i utrekninga av arealtilskottet til samdriftsføretaket. Grovforareala samdriftsdeltakarane disponerer vil bli avgrensa i samsvar med eigendisjonerte dyr og dokumentert sal av grovfor. Dette betyr at disponeringskravet blir likt for alle føretak. Samdrifter som ikkje sjølv eig beiteareal, må leige dei areala dei har trong for. Unntaket for beiting med hestar, som føretaket ikkje eig men har i pensjon, blir vidareført.

I jordbruksoppgjeret for 2014 vart det beslutta å avvikle forskrift om miljøplan frå 1. januar 2015. Krav til miljøplan har vore gjødslingsplan, sprøytejournal, kart over eigdommen der spesielle miljøverdiar og miljøutfordringar er registrert, sjekklister som dokumenterer miljømessige forhold knyta til jordbruksdrifta og evt. ein oppfølgingsplan ved behov.

Som erstatning blir krav om gjødslingsplan og plantevernjournal tatt inn i produksjonstilskottforskrifta. Kvalitetssystemet i landbruket (KSL) skal ivareta andre forholda.

Departementet skriv at forslaget til ny forskrift inneberer ei vidareføring av forbodet mot å foreta inngrep i kulturlandskapet. *§ 8 Miljøkrav Med mindre kommunen samtykker, kan foretak som mottar produksjonstilskudd ikke foreta inngrep som er av betydning for kulturlandskapet. Som inngrep regnes ikke tiltak som må sees på som normal skjøtsel av eiendommen.*

Dei skriv og at gjeldande forskrift i nokon tilfelle har vore misforstått og blitt feiltolka som ein mulighet kommunen har til å samtykke til inngrep i kulturlandskapet. Departementet har formulert den nye paragrafen til kun å gjelde der det er gjeve særskilt løyve til dette i medhald av anna lovverk.

Dei inngrepa som det ofte er gjeve løyve til i kulturlandskapet, er fjerning av åkerholemar, einslege trær i kulturlandskapet, steinrøyser og liknande. Dette er inngrep som ikkje er søknadspликтig etter anna lovverk. Slik departementet har formulert forslaget kan det i verste fall slå motsett ut i forhold til intensjonen, dvs. viss det ikkje er i strid med anna lovverk er det greitt å foreta inngrep?

Saksbehandlar har vore i kontakt med LMD, og dei har blitt gjort kjent problematikken også av andre og vil sjå på han.

**Krav til aktiv drift:** Det er krav i forskrifta om «drift og beiting». I omgrepet «drift» ligg det at det må vere ein produksjon som inneberer jordarbeiding, såing/planting, gjødsling, hausting og beiting av arealet som kan kallast normal eller god agronomisk praksis. Det er foreslått å endre dagens ordlyd «drift og beiting» med omgrepet «drivast aktivt» for å streke under kravet om at det må vere reell produksjon på alle areal det søkjast tilskott på.

### **Tilskot til avløyasing ved ferie og fritid**

*Endringar som følgje av jordbruksoppgerert 2014.* Alle føretak må dokumentere sine kostnadar knyta til avløyasing. Grunngevinga for dette forslaget er at tilskotta ikkje skal påverke mottakaranes selskapsform. Gjeldande forskrift har gjeve unnatak for samdrifter. For dei fleste samdriftene vil det vere uproblematisk å dokumentere kostnadar knyta til maksimalt tilskott.

Det var også bestemt at avløysartilskottet skal utbetalast direkte til søkjar og ikkje slik som i dag der søkjar har eit val om han vil at tilskottet skal gå direkte til avløysarlaget i staden for til seg sjølv. Departementet peika i Prop. 106 S at det er uheldig å utbetale tilskott til eit føretak til ein utanforståande tredjepart. Forslaget til ny forskrift legg opp til å legge ordninga inn under produksjonstilskottforskrifta.

For dei lokale avløysarlaga vil dette medføre meirarbeid og sannsynlegvis meir risiko for tap på uteståande fordringar. Totalt sett vil det gje dårlegare økonomiske rammer for avløysarlaget, noko som kan truge deira eksistens på sikt. Avløysarlaget utførar ein viktig rolle med å administrere avløysarringane, sjukdomsavløyasing, og annan avløyasing. I tillegg har avløysarlaget ansvaret for landbruksvikarordninga. Søkjar har i dag eit reelt val om han vil at utbetalinga skal gå til avløysarlag eller til søkjar sjølv.

Avløysarlaga har stor aktivitet. Vågå Avløysarlag skriv bl.a. følgjande i si årsmelding for 2013: *Avløysarlaget i Vågå hadde i 2013 360 arbeidstakarar, 116 kvinner og 244 menn har i 2016 motteke løn frå avløysarlaget. Desse har til saman utført ca. 52 årsverk. I 2013 har Vågå*

*Avløysarlag hatt arbeidstakarar hjå 224 kundar, 77 av desse var registrert både som beitelagsmedlemar og under avløysing eller andre arbeidsoppdrag, altså med to kundeforhold. Total omsetjing vart kr. 16.545.238. Lønningar, feriepengar, sosiale utgifter m.m. utgjorde kr 15.420.493. 13 ringavløysarar har arbeidd i 12 ringar i 2013, 13 andre arbeidstakarar har arbeidd i full eller nesten full stilling, 4 hovslagerlærlingar har vore løna gjennom laget og i tillegg kjem deltids- og freelanceavløysarar, gjætarar, handvêrkare, sjåførar, m.m.*

Avløysarlaga forskotterer i dag utgifter i samband med sjukdomsavløysing. Dette er gunstig for gardbrukaren, då ikkje alle gardbrukarar har like gode likviditet til ei kvar tid. Den endringa som er foreslått vil gje dårlegare rammevilkår for avløysarlaga.

Ordninga legg også opp til at ein kan kjøpe tenester frå andre føretak enn avløysarlag, t.d. maskinringar. Dagens ordning gjeld berre avløysarlag eller eit direkte tilsettingsforhold mellom arbeidar og det einskilde føretak. Ved at ein kan kjøpe tenester frå andre føretak som t.d. maskinringar kan det bli krevjande og kontrollere at tenestene er relatert til avløysing og ikkje andre formål.

Rådmannen er av den oppfatning at ein bør vere varsam med å endre ei ordning som har synt seg å fungere bra for alle partar.

Konsekvensar av for seint innlevert produksjonstilskottssøknad er i dag 1000 kr. pr. virkedag i inntil en måned etter innleveringsfristen. Departementet legg opp til at det skal vere 1000 kr. per dag i inntil ein måned, uavhengig av om det er virkedagar. Dette p.g.a. at det er mulig å levere søknaden elektronisk.

Administrasjonen meiner denne «straffa» er urimeleg høg for ikkje ha gjennomført eit lovbrøt, eller prøvd å tileigne seg meir tilskott. Kr. 100 pr. dag ville ha vore meir passande. «Straffa» står ikkje i forhold dei ulempene den einskilde søkjar påfører den offentlege forvaltninga.

### **Vurdering:**

Rådmannen er av den oppfatning at det er lite kontroversielt i forslaget som ligg føre bortsett frå at forslaget til endringar i forskrift til avløysing ved ferie og fritid med stort sannsyn vil føre til dårlegare vilkår for avløysarlaga. Ordninga fungerer bra i dag.

Dei økonomiske konsekvensane av for seint levert søknad (1000 kr. per dag i inntil ein måned) er ikkje i samsvar med dei konsekvensane det har for meirarbeid i samband med saksbehandlinga av søknadane.

Departementet bør sjå på utforminga av § 4 ledd nr. 2 som omhandlar inngrep som kan redusere kvalitetane i kulturlandskapet.

**Rådmannens innstilling:**

- Vågå kommune syner til dei vurderingane som er gjort i saksframlegget og ber departementet spesielt om å innarbeide ordninga med at avløysartilskott kan utbetalast direkte til avløysarlag.
- Vågå kommune ber om at trekk for for seint innlevert søknad av produksjonstilskott blir redusert til kr. 100 pr dag i inntil ein måned.
- Vågå kommune ber departementet sjå på utforminga av § 4 tredje ledd nr. 2

**Saksprotokoll i Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning - 10.10.2014**

**Behandling:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

- Vågå kommune syner til dei vurderingane som er gjort i saksframlegget og ber departementet spesielt om å innarbeide ordninga med at avløysartilskott kan utbetalast direkte til avløysarlag.
- Vågå kommune ber om at trekk for for seint innlevert søknad av produksjonstilskott blir redusert til kr. 100 pr dag i inntil ein måned.
- Vågå kommune ber departementet sjå på utforminga av § 4 tredje ledd nr. 2